

Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/2601-2

## Rekneskapen 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017, som syner kr 2 156 242 478,00 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44 695 025,37, vert godkjent.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2017 på kr 44 695 025,37 vert avsett til bufferfondet. Midlane vert førebels øyremarka til eigenkapital til nytt opplæringsfartøy.

### **Vedlegg:**

1. Rekneskap 2017, inkl. revisjonsmelding
2. Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2017.

### **Andre relevante dokument i saka:**

## SAKSFRAMSTILLING

Rekneskapen for 2017 følgjer som vedlegg 1. I vedlegg 1 ligg også revisjonsmelding for 2017 frå SF Revisjon IKS, datert 16.04.2018. Kontrollutvalet gav uttale til rekneskapen i møte 22.05.2017, jf. vedlegg 2. Kontrollutvalet sin uttale er utan merknader.

Ved oversending av rekneskapen til revisjonen sende fylkesrådmannen ut slik pressemelding:

*«Fylkesrådmannen har no lagt fram Sogn og Fjordane fylkeskommunen sin rekneskap for 2017. God budsjettdisiplin og god økonomistyring gjev eit overskot på 44,5 mill. kr. Dette er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra.*

### **Netto driftsresultat**

*Netto driftsresultat vert nytta som indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune/kommune har. For fylkeskommunar er det no tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). Netto driftsresultat 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune er på 333,6 mill. kr, noko som utgjer 10,4 prosent av samla driftsinntekter. Tilsvarende tal i 2016 var på 214,9 mill. kr (6,8 prosent). Den høvesvise sterke auken i netto driftsresultat skuldast i hovudsak to forhold:*

- Meirinntekter på rente/utbytte med om lag 62 mill. kr
- Mindreutgifter på avdrag med om lag 52 mill. kr

### **Budsjettstyring**

*I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Ordinære løyvingar er styrbare løyvingar, der fylkeskommunen i stor grad skal ha kontroll på sluttresultatet.*

*For dei styrbare løyvingane har fylkeskommunen som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjettdisiplin, vert difor ikkje alle budsjettpostar nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd. Dette gjev mindre innsparingar på ein god del postar. Dette er ein hovudforklaring på at vi kjem ut med ei netto innsparing på 24,8 mill. kr på sektornivå i 2017. Fylkesrådmannen er nøgd med at alle sektorane har eit positivt netto resultat.*

### **Fellesinntekter- og utgifter**

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2017 ei netto meirinntekt/innsparing her på 19,7 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene og utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2017. På desse to inntekstpostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 6,7 mill. kr (0,28 prosent). Vidare har vi meirinntekter knytt til:

- Premieavvik, pensjon etc. på 7 mill. kr
- Konsesjonskraft og renter på 6 mill. kr

### **Sektornivået**

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto utgiftsramme på vel 2,2 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 24,8 mill. kr har sektorane, sett under eitt, ei budsjettgjennomføring på om lag 99,1 prosent. Det meiner fylkesrådmannen er svært bra.

Forvaltning står for netto 8,0 mill. kr av denne innsparinga. Dei største postane med mindreforbruk er politisk styring/kontrollutval (1,3 mill. kr), administrasjon og administrasjonslokale (4 mill. kr) og lokal og regional utvikling (1,2 mill. kr).

Opplæringsektoren har eit samla mindreforbruk på 13 mill. kr i 2017. Dei største postane med mindreforbruk er vedlikehald og drift av skulebygg (4,7 mill. kr), pedagogiske fellesutgifter (2,6 mill. kr) og tilpassa opplæring (4,8 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er fellesutgifter og støttefunksjonar (-1,1 mill. kr).

Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane har eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 7,2 mill. kr i høve budsjett for 2017. Skulane har resultatoverføring (til 2018), og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Tannhelse har ei innsparing på 1,9 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2018), og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultatet.

Næring og kultur har samla eit netto mindreforbruk på 2,0 mill. kr. Av dette ligg 1,3 mill. kr innan kultur.

Samferdsle har eit samla netto mindreforbruk på 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er båtruter (2,3 mill. kr), fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (1,1 mill. kr) og fylkesvegferjer (1,0 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er bilruter (-2,6 mill. kr).

Fylkesveg – drift og vedlikehald – har eit meirforbruk på 9,5 mill. kr, som vert dekkja av tidlegare overførte midlar. Dette påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

### **Oppsummert**

Fylkesrådmannen er samla sett godt nøgd med både det høge netto driftsresultat (333,6 mill. kr) og driftsoverskotet (44,5 mill. kr) for 2017»

Etter at administrasjonen la fram rekneskapsrapporten for revidering er det gjort mindre endringar. Endringane har samla auka rekneskapsresultatet til 44,7 mill. kr .

Det vert elles vist til sak om godkjenning av årsrapporten 2017 som er til handsaming i same møte.

Revisjonen har i sin revisjonsmelding konkludert slik i høve årsrekneskapsrapporten:

«Etter vår meining er årsrekneskapsrapporten som fylgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det all vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommune per 31. desember 2017, og at resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapspraksis i Norge »

I saksutgreiinga til kontrollutvalet sin uttale til rekneskapsrapporten – handsama i KU 22.05.2018 – er det avslutningsvis konkludert slik:

«Fylkeskommunen sin revisor, SF-revisjon IKS, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapsrapporten viser kr. 2 156 242 478 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 44 695 025. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.»

Overskotet til fylkeskommunen har variert i storleiken 15 – 58 mill. kr. i perioden 2010 – 2017. Fylkesrådmannen meiner dette er eit resultat av nøktern budsjettering og god budsjettkontroll.

Bruk/disponering av overskotet; kommunelova § 48 nr 3 fastslår at det er fylkestinget sjølv som vedtek disponering av overskot og ev. dekking av underskot i samband med godkjenning av

rekneskapen. Disponeringa av overskotet har i dei seinare åra vore gjort opp med avsetjing til bufferfondet og ev. bruk vert vedteken i tertialrapport pr. 1. tertial det aktuelle år.

Fylkesrådmannen rår også i år til at overskotet for 2017 på kr 44 695 025,37 vert avsett til buffer-fondet. Fylkesrådmannen rår vidare til at overskot R 2017 vert førebels øymerka til eigenkapital til nytt opplæringsfartøy. Jf. økonomiplansaka som kjem til samtidig slutthandsaming i fylkestinget.

### **Konklusjon**

- 1 Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2017, som syner kr 2 156 242 478,00 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44 695 025,37, vert godkjent.
- 2 Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2017 på kr 44 695 025,37 vert avsett til bufferfondet. Midlane vert førebels øymerka til eigenkapital til nytt opplæringsfartøy.